



Arbeidsverkstad – fylkesdelplan med tema knytt til vasskraftutbygging

Gruppe 3 og 4

Landskap – reiseliv og friluftsliv:

Spørsmål til vurdering:

- A. Skal fylkesdelplanen peike ut område der det ved handsaming av enkeltsaker bør takast særskilde landskapsomsyn. For eksempel:
1. Regionalt (/nasjonalt) viktige friluftsområde?
 2. Nasjonale fjordlandskap?
 3. Regionalt (/nasjonalt) viktige reisemål?
 4. Andre?





Landskap – reiseliv og friluftsliv:

Spørsmål til vurdering (forts.):

- B. Viss JA, på spørsmål A: Korleis bør "særskilde landskapsomsyn" kome til uttrykk i konsesjonshandsaminga? Kan eitt eller fleire av alternativa nedanfor vere ynskjeleg:
1. Vurdere avslag på konsesjonssøknad når prosjekt omfattar foss(ar) som er spesielt viktig(e) landskapselement?
 2. Vurdere vilkår/krav om ekstra stor minstevassføring?
 3. Vurdere tilpassing av prosjekt, slik at utbygging ikkje rører ved fossar/ elvestrekningar som vert oppfatta som viktige landskapselement (legge vassinntak nedanfor eller kraftstasjon ovanfor strekningar som har spesiell verdi som landskapselement)?
 4. Stille krav om "ekstra" fotodokumentasjon som viser landskapsverknadane av omsøkt utbygging (dokumentasjon av alternative minstevassføringar mv..)?
 5. Andre?





Landskap – reiseliv og friluftsliv:

Spørsmål til vurdering (forts.):

C. Andre framlegg til retningsliner for tema landskap, reiseliv og friluftsliv: Passar nokon av dei Hordaland har utforma (deira høyringsframlegg):

R3 Fjordlandskap:

1. I urørte fjordlandskap skal ein vere svært restriktiv med kraftutbygging som reduserer det urørte preget i landskapet.
2. I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røygater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

R4 Sårbart høgfjell:

1. I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden.
2. I andre område med sårbart høgfjell bør ein vise varsemnd med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde.





Landskap – reiseliv og friluftsliv:

Spørsmål til vurdering (forts.):

C. Andre framlegg til retningsliner for tema landskap, reiseliv og friluftsliv(forts.):

R7 Friluftsliv

Ein bør vise varsemd ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserar opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi.

R9 Reiseliv

I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusere opplevingskvalitetane skal ein vise varsemd med løyve til ny vasskraftutbygging.

R10 Alternativ bruk av eventuelle tunnelmassar skal vurderast framfor tippar i terrenget.

Andre?





Landskap – reiseliv og friluftsliv:

Bakgrunnsstoff/innleiing til diskusjon:

Tema landskap, reiseliv og friluftsliv er alle omtala i utkast til plan som arbeidsgruppa har utforma. Det er i tillegg utarbeidd kart over delområde, der registrert nasjonale og regionale verdiar for tema vert presentert. For delområda er det også registrert fossar/elvestrekningar som vert oppfatta som viktige landskapselement. Plantekst, som vedkjem nemnde tema, vert sendt ut saman med kart med registreringar for delområde Gloppen og Stryn.

Når spørsmåla skal diskuterast oppmodar vi om at de tek utgangspunkt i karta for delområde Gloppen og Stryn. Desse viser aktuelle registreringar saman med NVE si kartlegging av mulege prosjekt. Når de ser på karta vil de kunne danne dykk eit bilde av kor stor grad ulike former for retningsliner, kan påverke aktuelle prosjekt. I plantekst kan ein finne utfyllande informasjon om tema, ved behov.

NVE legg allereie i dag vekt på landskapsomsyn når dei handsamar konsesjonssøknader/ vasskraftprosjekt. I Sogn og Fjordane har vi sett døme på prosjekt som er vorte avslått, mellom anna med bakgrunn i at (negative) landskapsverknadar er vurdert til å vere store. Vi legg ved bilde av 3 elvar der prosjekt er vorte avslått (av NVE) : Sylvarnes, Brudesløret og Tvinna. Dette kan tene som eksempel på elvar/fossar som vert oppfatta som (svært) viktige landskapselement.

